



Norske Hus Boligsystem AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7092 - 14/26828

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
02.12.2014

Førebels svar med informasjon om vidare sakshandsaming - gbnr 133/54 Soltveit søndre

Vi viser til dykkar søknad om riving av fritidsbustad og oppføring av einebustad og garasje på gnr. 133 bnr. 54, motteken 18.10.2014, samt e-post frå Lindås Rør & Sanitær AS v/Leif Nævdal den 28.10.2014.

Som tidlegare opplyst er det sprengt kapasitet på det kommunale avløpsanlegget som eigedommen dykkar kjem innunder. Alle byggesakar som fører med seg auke for kapasiteten til dette avløpsanlegget er inntil vidare satt på vent, jf. SAK10 § 7-3. Så snart vi får ei avklaring på korleis byggesøknader i dette området skal handsamast, gjer vi dykk melding om utfallet.

Vi kan ikkje sjå at eigedommen er tilknytt det offentlege vatn- eller avløpsanlegget pr. i dag. I våre arkiv finn vi ikkje at det tidlegare er søkt om tilknytning til vatn- og/eller avløpsanlegget, og det betalast ikkje kommunale avgifter for vatn og/eller avløp.

Om fritidsbustaden allereie hadde vore knytt til det kommunale avløpsanlegget, ville ei endring frå fritidsbustad til heilårsbustad ha ført med seg auke i utslippsmengde, og søknaden dykkar ville likevel ha vore satt på vent.

Om vi får opplysningar som tilseier at det eksisterande avløpsanlegget kan få fleire bygg knytt til seg, vil vi handsame søknaden dykkar. Vi kan sjå at saka har manglar, og eit brev med komplette opplysningar om trong for tilleggsdokumentasjon vil i så tilfelle bli sendt til dykk. Det er mellom anna ein føremon at løyve til tilknytning til offentleg vatn- og avløpsanlegg skal vere søkt om og gitt frå eininga Teknisk drift i Lindås kommune før Byggesaksavdelinga kan gje eit eventuelt løyve til oppføring av bygg, jf. plan- og bygningslova § 27-1.

Ta gjerne kontakt med oss om noko skulle vere uklart.

Med helsing



Tor Hegle
einingsleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Rune Tjore og Bjørg Skarbø	Orresteinen 24 F	5916	ISDALSTØ
Lindås Rør & Sanitær v/Leif Nævdal	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Norske Hus Boligsystem AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
Lindås Rør & Sanitær v/Heine	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ